



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
	20/00017-9	Marianne Bolghaug +47 71171530	01.04.2020

Høyring - Rullering av vedtekter i SFO

Aukra kommunestyre vedtok den 4. mars 2020 å rullere vedtektene i skolefritidsordninga (SFO). Vedtektene var sist justert 22. mai 2018, K-sak 33/18.

I dag er skolane stengde. Nokre få elevar har tilbod i SFO i dag. Ved ordinær drift av skolane, ville det dette skoleåret ha vore 89 barn i SFO. (Jf. Gsi.udir.no) I denne perioden med corona-viruset følgjer vi til ei kvar tid styresmaktene sine råd om eventuelle SFO-tilbod på skolen.

Vi ser framover. Denne høyringa gjeld for tider når SFO igjen er i ordinær drift.

Skolefritidsordninga og heimel i lov

Opplæringslova § 13-7 om SFO:

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingskår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a) Eigarforhold*
- b) Kven som er opptaksmyndigheit*
- c) Opptakskriterium*
- d) Opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen*
- e) Foreldrebetaling*
- f) Leike- og opphaldsareal*
- g) Dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h) Bemanning og leiing*

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra. For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen.

Vi viser elles til at:

- SFO er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa.
- SFO er eit frivillig tilbod.
- Følgjande av opplæringslova sine reglar gjeld for SFO: Kapittel 9A om elevane sitt skolemiljø, § 10-9 om politiattest, § 9-7 om forbod mot ansiktsdekkande plagg, og § 13-5 om plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen.
- Kommunen si plikt til å tilby SFO er begrensa til skoleåret.
- Det er ingen plikt til å ha SFO i skoleferiane.
- Opplæringslova gjev ikkje elevane rett til plass i SFO.

I NOU 2019:23, *Ny opplæringslov*, er det forslag om ny opplæringslov, og ein ny § 5-5 for skolefritidsordninga. Forslaget til ny lov er temmeleg likt som i dag, bortsett frå at det ikkje er føreslått krav om at rektor skal vere leier, eller at leiar av SFO har pedagogisk utdanning.

Endring av vedtektene

Uavhengig av høyringa vil § 12 om *betalingsreglar* verte endra, slik at samordning av søskenmoderasjon i barnehage og SFO vert felt ned i vedtektene.

Rullering av vedtektene kjem truleg opp til politisk handsaming i juni. Gjeldande vedtekter er lagt ved.

Svar på høyring

Ein kan svare på høyringa gjennom høyringsportalen på kommunen si heimeside, eller sende e-post til Aukra kommune, post@aukra.kommune.no

Frist for høyring: 8. mai 2020

Høyringsinstansar:

- Foreldre i 1.-4. klasse
- Foreldre til dei eldste barna i barnehagen
- FAU skole
- FAU barnehage

Høyringa vert sendt til FAU-leiarar og lagt ut på kommunen si heimeside. I tillegg vert høyringa sendt til foreldre i 1.-4. klasse, samt foreldre til barn som byrjar i 1. klasse til hausten.

Med helsing

Marianne Bolghaug
Pedagogisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:
SFO Vedtekter

Mottakere:
Anita Oterhals Eide
Renate Sofie Eilertsen Løvik
Stein Andre Knutsen
Veronica Oterhals

Kopi til:
Bergetippen Barnehage, Synnøve Karin Rishaug
Julsundet skole, Terje Gundersen-Røvik
Gossen Barne og ungdomsskole, Heidi Falkhytten
Sissel Oliv Garseth